

Frå:

Dale Bygdelag  
v/styret  
Att.: Bjørn Tore Vaktskjold  
Askelandsvegen 17  
5938 SÆBØVÅGEN

og

Nordhordland Husflidslag  
v/styret  
Att.: Arild Hagenes  
Postboks 42  
5936 MANGER

15.11.2019

Til:

Radøy kommune  
v/ Rådmann  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

#### Vidare avklaring av framtidig løysing for Dale Grendahus

Me viser til tidlegare møter og kommunikasjon rundt framtidig løysing for Dale Grendahus.

Med bakgrunn i tilsendt verditakst på eigedomen på Dale, i e-post 17.10.2019, hadde styra i Dale Bygdelag og Nordhordland Husflidslag felles møte 28.10.2019. Begge laga ser positivt på eit evt. samarbeid om overtaking av Dale Grendahus, og vil vurdere ulike løysingar for dette.

Etter å ha sett gjennom verditakst, er ein likevel einige om at første steg i dette, må vera å få avklara om det er denne taksten kommunen ser som ein realistisk sum for avhending av eigedomen.

Bygdelaget og Husflidslaget ser det som urealistisk å kunne betala ein slik sum for huset, og vurdert opp mot det behovet for oppussing og vedlikehald som huset vil kreva dei neste åra. Me har ikkje oversikt over kva dette vil innebera, men er einige om at det er relativt omfattande arbeid som ligg føre.

Økonomi vil for begge organisasjonane vera avgjerande for om det er realisme i vidare prosess om samarbeid. Begge organisasjonane skal ha årsmøter første kvartal 2020, og vil der ta opp om vidare prosess for overtaking av bygget. Ein må då ha fått avklaring om økonomisk ramme frå kommunen først.

Med bakgrunn i dette ynskjer Dale Bygdelag og Nordhordland Husflidslag, så snart som råd etter nyttår, å få avklart kva salgssum kommunen ser for seg for bygget. Me ber om at kommunen finn tidspunkt for dette.

Med venleg helsing

For:

Dale Bygdelag v/ styret



Bjørn Tore Vaktskjold

Nordhordland Husflidslag v/ styret

Arild Hagenes

